Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Gamal engkultur.

Oppskr. av: Johan Tapper

(adresse): Vikhamar

Fylke: Sör-Tröndelag

Herad: Malvik

Bygdelag:

Gard: Vollan

G.nr. 24 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga röynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Eng. var kalla all plogvendt eller handvendt jord, som det vaks gras på. Og eit visst stykke av jorda var kalla ekre. Gardens jord var inndelt i ekrar. Förste og andre års gjenlegg heitte gropekre, sidan graneekre. Förste års eng besto for det meste av syre, karve og prestekrage. Småeng, eller utslått som det heitte, var jord som var inngjerda saman med den dyrka jorda, og som var snauhogge og rydda for kvist og rask. Slåttorvljåen har vore lite kjent her i bygda.

2. Utslåtten vart rydda og utvida som regel kvart år etter våronna. Kvist og rask vart lagt i dunga i skogkanten, eller brent. Arbeidet var kalt engrydding og handfenget (reiskapane) som bruktes var rive og öks. Småstein vart plukka opp og fjerna, så ikkje ljåen skulde verta skjemt. Storstein fekk ligga, for den fröydde jorda.

3. Mosevaksen eng kjenner eg ikkje til det vart gjort noko med, anna enn at den vart omplöydd og isådd havre.

3134

4 Myr vart gröfta. Det vart tatt breide åpne gröfter, nokså djupe, så det vart teiger millom gröftene. Vassjúk jord vart gröfta. Gröfta vart steinsett i botnen og grave igjen.

5. Utslåtter kjenner eg ikkje til vart gjödsla. All gjödsel vart brúkt på kornåkeren, som regel til bygg, som da vart gjenlagt til eng útan isåing av grasfrö. Det vart rekna frå tolv til tjúgi lass gjödsel på målet. Saufraúm vart brúkt til potetene og av den vart det rekna tolv lass på målet.

7 Húsa var som regel sett såleis at fraúvatnet rann i frå húsa og ned på ekra som var nærast húsa. Og det var ordna såleis at fraúvatnet spreidde seg útover ekra. Der det meste av fraúvatnet rann, var kalla fraúråsa, og graset som vaks der vart kalla fraúgras, og var holdt for kraftig for.

9. Eng og útslåttar var beita av húsdyra, og vert det tildels enno. I gamal tid vart hestane sett i tjor på den likaste enga. Kyrne vart gjett så dei fekk beite stykke for stykke, i frå slåttonna til út i oktober. Når enget vert beitt, er det for og få mest mogleg útbytte av dyra og best mogleg hold på dyra til vinteren, og delvis for og spara höy, serleg i gamal tid. Gamle ekrer vart beitt om våren i gamal tid, det er det slútt med sidan húndradårskiftet. I gamal tid var det visst ikkje noko engstykke som ikkje vart beita om haústen. Beitinga om haústen var og

3134

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

for å spara arbeid, for flest mogleg måtte vera med på innhaustingsarbeidet
10. Det er mindre engbeiting sia det vart kunsteng. (kløver og timotei.) Første og andre års eng vart som regel ikkje beita. Omskiftet kom i kring hundraårskiftet.
11. Gjødsla som dyra la att etter seg på ekrane vart hatt utover strakes etter våronna. Reiskapen som vart brukt var grev og rive og delvis gjødselgreip.
12. Som regel var det sumarfjøs på garden, eit for sauer og eit for kyr. Kyr og sauer vart alltid hatt inn om natta, for det var mykje varg den tid, og delvis også bjørn. Sauesumarfjøset sto i skilnaden millom innmark og utmark. Kusumarfjøset sto enten i skilnaden millom innmark og utmark eller i ei beitestrø.
Sumarfjøsmøkka var ei ringare gjødsel. Den vart utkøyrt og spreidd på eng om hausten, eller også brukt på åker, og da utkøyrt om våren. Det var ingen fast regel for korleis den vart brukt.
Spørsmål 13 til og med 21 kjenner eg ikkje til. Om noko av det som det er spurt om har vore i bruk nokon gong her i bygda, så er det så eldgamalt at ingen har kjennskap til det. no for tida. Her er sikkert mykje gått i gløymsla både av ord og bruksmåtar frå eldgamal tid.
Spørsmål 19. Hesttrøa, kutrøa, kalvtrøa er kjente namn her i bygda. Det er eit stykke beitesmark i nærleiken av garden som er inngjerda, og skogen er hogge ned.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

for å få bra beite (gras). Vart tröa seinare dyrka, fekk åkeren og ekra namn etter tröa.

3134

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Sør-Tr.
Malvik

Johan Tapper,
Vikhamar

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Vaset hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten fothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverike. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?

Ukjent her i Bygda.



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ? Ukjent her i Bygda.

Har ein bruka kumøkk til brensel ? Ukjent her i Bygda. (Malvik Bygda)

3135